

Møtestad: Førde

Deltakarar: Christoffer Knagenhjelm på vegne av SOFUL

Bakgrunn

Sogn og Fjordane og Hordaland vert i 2020 til Vestland fylke. Begge fylka har i dag egne regionale kulturplanar med handlingsplanar. Sogn og Fjordane sin handlingsprogram gjeld for perioden 2019-2021. I handlingsprogrammet ligg det at fylket skal ha årlege handlingsplanar. I samband med rullering av handlingsplanen inviterte Sogn og Fjordane fylkeskommune regionalt frivillige lag og organisasjonar til innspelsmøte.

Anna viktig bakteppe for innspelsmøtet var at ein vil gradvis harmonisere dei to regionale kulturplanane til fylka. Innspel frå frivillig sektor vil vere viktig i denne harmoniseringa.

Diskusjonar

- Fylkeskommunen opna med å informere om bakgrunnen for møtet, samanslåing (status), organisering av kulturavdelinga (plassering av tilsette i Førde og Bergen). Frå 1.1.2021 vil staten overføre deler av kulturmyndigheita til fylka. Kor mykje som vert overført er ikkje avklart, men fylket har forventning om store oppgåveoverføringar (forvaltning, tilskotsordningar mm).

- Fleire av dei som tok ordet var opptatt av tilgjengelegheit til bygg og anlegg, vidareføring av driftsmidlar og systemet med utviklingsavtalar og (den gode) dialogen med fylket. Huset i Bygda vart nemnd av fylket. Fylket var òg opptatt av samarbeid på tvers av organisasjonane (dette var nemnt under avslutninga av møtet).

Eg trakk fram:

- SOFUL både sørva andre lag og organisasjonar gjennom Huset i Bygda, men og dreiv med m.a. viktig barne og ungdomsarbeid gjennom SOFUL. Vi samarbeida òg med andre aktørar (Sparebankstiftinga). At vi var direkte nemnt i handlingsplanen (Huset i Bygda) og regional kulturplan (SOFUL) er viktig for oss

- Tilgang til regionale driftsmidlar og føreseielegheit er viktig (gode rammevilkår). Dette er òg viktig sidan SOFUL yter tenester ovanfor lokallag. Ikkje minst er dette viktig sidan dei fleste kommunane i fylket har særst små tilskot til lag og organisasjonar innanfor kulturfeltet

- Opptatt av at harmonisering av kulturplanane måtte attspegle mangfaldet i fylka (bulyst osv.)



Referat. Innspelmøte 4.5.2019

- Både fylket og eg tok opp at det var viktig å ha fokus på spelemiddelordninga. Det er statlege signal om vilje til å auke råmane. Men det er framleis viktig å presse på her
- Burde vurdere å etablere kulturforum i fylket, viktig å stå samla. Større reiseavstandar er òg kostbart, må tenke nytt her
- Viktig å vidareføre den gode dialogen med fylket og at det er lett å kome i kontakt med tilsette i fylket (møteverksemd osv.)

Referent

5.5.2019

Christoffer Knagenhjelm

Rådgjevar for kulturbygg og ungdomslag i Sogn og Fjordane

